



**Nissedal kommune**  
**Rådmann**

Kommunal- og moderniseringsdepartementet

**Melding om vedtak**

Dykkar ref.	Vår ref.	Sakshandsamar:	Arkivkode:	Dato:
	2016/1324-3	Sverre Sæter, 35048402 sverre.seter@nissedal.kommune.no	024	10.10.2016

**Framlegg til ny kommunelov - høyringsvar frå Nissedal kommune**

Her følgjer særutskrift av formannskapet si sak nr. 139/16.

Med helsing

Sverre Sæter  
Rådmann

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.*



Nissedal kommune

Arkiv:  
 Saksmappe: 2016/1324-1  
 Sakshandsamar: Sverre Sæter  
 Dato: 23.09.2016

## Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet	139/16	06.10.2016

### Framlegg til ny kommunelov - høyring

Høyringsbrev (NOU):

<https://www.regjeringen.no/contentassets/9da72a7f8f38486e81509be0b2f4818b/no/pdfs/nou201620160004000dddpdfs.pdf>

Vedlegg:

1 Debattgrunnlag ny kommunelov - KS

#### Fakta i saka:

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har sendt NOU 2016: 4 Ny kommunelov på høyring med høyringsfrist 6. oktober. Framlegget til ny kommunelov er på 461 sider og er ikkje lagt ved denne saka. Dokumentet kan lastast ned frå lenkja over.

KS har utarbeidd eit debatthefte for høyringsarbeidet til hjelp for den enkelte kommune. Dette debatthefte er vedlagt saka og gjev ein god oversikt over framlegget til ny kommunelov.

I framlegget til ny kommunelov er følgjande tema trekt fram av KS:

#### Overordna vurderingar

- Blir det meir sjølvstyre?
- Blir det betre lokaldemokrati?
- Blir kommunelova enklare og meir tilgjengelig?

#### Formålsparagrafen (NOU Kap. 3)

Formålsparagrafen slik den er formulert lovfestar det kommunale selvstyret.

#### Kommunalt selvstyre (NOU Kap. 4)

Rammene for det kommunale sjølvstyret er:

- Kommunen er eit eige rettssubjekt (og ikkje underlagt Staten sin hierarkiske organisasjon)
- Kommunen tar avgjersler på eige initiativ og ansvar
- Kommunane skal ha både geografiske grenser og demokratiske lokalvalg

Prinsipp for høvet mellom staten og kommunane:

- Forholdsprinsippet: «Det kommunale sjølvstyret bør ikkje avgrensast meir enn det som er turvande for å ivareta nasjonale mål».
- Nærleikprinsippet: «Offentlege oppgåver bør fortrinnsvis leggest til organ som er så nær innbyggjarane som mogeleg».
- Finansieringsprinsippet: «Innafor rammene av nasjonal økonomisk politikk bør kommunen ha frie inntekter som gjev økonomisk handlingsrom».

### **Folkevalgte og folkevalgte organer (NOU Kap. 8.4 og 8.6)**

Dagens reglar om folkevalte organ er i hovudsak ført vidare.

Kommunestyrets rolle er gjort tydelegare i lovframlegget. Reglane om formannskap, kontrollutval, partsamansette utval, komitear og styrer for kommunale institusjonar førast vidare.

Ordførar si rolle blir styrka (NOU Kap. 10) ved å gje forslagsrett i alle utvala (unnateke kontrollutval), mynde til å opprette utval på eige initiativ og mynde til å treffe vedtak som ikkje har prinsipiell betydning i tillegg til enkelte hastevedtak. Kommunestyret sjølv kan avgjere direkteval av ordførar.

Elles tek framlegget opp i seg ei tydeleggjering og endring av reglane for fritak, suspensjon o.l. av ordførar (Kap. 12).

Krav til kjønnsbalanse i folkevalte organ er skjerpa (Kapittel 13).

Det gjevast reglar for godtgjering og velferdsgoder til folkevalte (Kap. 14).

Folkevalgte organ sin innsynsrett vert utvida, og medlemmenes teieplikt vert gjort klarare (Kap. 15). Sakshandsamingsreglar og reglar for møteoffentlegheit videreføres i hovudsak (Kap 16). Adgangen til fjernmøter utvidast.

Reglane om kommunestyret sin delegering til andre folkevalgte organ og rettssubjekter vert gjort klarare (Kap. 8.7). Kommunestyret står fritt til å organisere innstillingsretten slik det ønsker.

### **Informasjon og innbyggerdeltaking**

Det foreslås utvida plikt for kommunen til å informere om kommunal virksomhet og virksomheter som andre rettssubjekter utfører for kommunen (Kap 6).

Reglane om innbyggerdeltaking og folkeavstemmingar videreføres i hovudsak. Kravet til antall underskrifter for innbyggerforslag vert auka, men det fastsettes ei øvre grense på 1000 underskrifter for at slike forslag kan handsamast (Kap 7).

### **Administrasjon (NOU Kap. 8.5 og 8.6)**

Tittelen til øvste administrative leiar (rådmann) vert føreslege endra til Kommunedirektør.

Leiaransvaret til øvste administrative leiar vert presisert til å gjelde innafor instruksar, retningslinjer eller pålegg som kommunestyret gir.

Øvste administrative leiar har ansvar for forsvarleg utgreiing av saker til folkevalte organ: «Utgreiinga skal gje eit faktisk og rettslig grunnlag til å treffe vedtak».

Øvste administrative leiar vert gjeve eit sjølvstendig ansvar for å gjere folkevalte organ merksam på særskilte iverksettingsutfordringer: «Dersom kommunedirektøren blir merksam på faktiske og rettslige spørsmål som har sentral betydning for iverksettelsen av vedtaket, skal han eller ho gjere det folkevalgte organet merksam på dette på eigna måte».

Øvste administrative leiar får lovfesta ansvar for løpande personalansvar for dei tilsette (tilsettingar, oppseiingar, tenesteleg reaksjon m.m.)

Kommunestyret har framleis ansvaret for tilsetting av øvste administrative leiar samt eit overordna ansvar for arbeidsgjevarpolitikken.

Organ (utval, arbeidsgrupper m.m) skal anten vere folkevalte eller administrative.

### **Kommunal økonomi**

Det foreslås ein førmålsbestemmelse som legg til grunn at kommunen si økonomiske handleevne skal ivaretakast over tid. Det foreslås ei lovfesta plikt til å nytte finansielle måltall som verkty til den langsiktige styringa av kommunen sin økonomi (Kap. 19.4).

Det kjem reglar om konsernregnskap for kommunen si samla verksemd, endra reglar for låneopptak og minimumsavdrag på lån og inndekning av meirforbruk.

### **Kommunale føretak og interkommunalt samarbeid (NOU Kap. 11)**

Det blir krav om eigarskapsmeldingar for verksemd som vert drive av selskap (AS, IKS, interkommunale samarbeid, kommunale føretak o.l.) minst ein gong i valperioden.

Det vert stilt spørsmål om kor heldig det er at medlemmer i kommunale føretak også er medlemmer av kommunestyret, men dagens reglar vert likevel ført vidare.

Omgrepet interkommunalt samarbeid vert erstatta med kommunesamarbeid. § 27-modellen som gjev kommunane adgang til å opprette eit styre for å løyse felles oppgåver erstattast med ein regionrådsmodell og kommunalt oppgåvefelleskap.

### **Egenkontroll**

Det vert peika på at ein styrka egenkontroll vil bygge opp under det kommunale sjølvstyret og legge til rette for redusert statlig tilsyn med kommunane.

Kommunestyret skal oppnevne eit kontrollutval til å føre løpande kontroll med kommunen si verksemd på kommunestyrets sine vegner.

I tillegg har øvste administrative leiar eit ansvar for å føre kontroll med kommunen si verksemd (internkontroll).

Kontrollutvalet skal minimum ha 5 medlemmer (i dag 3).

### **Statlig styring og kontroll**

Dagens reglar om lovlighetskontroll vert i hovudsak ført vidare. Det same gjeld statlege tilsyn, men desse skal effektiviserast ved betre samordning av tilsyn retta mot kommunane.

Hovedtrekka i ROBEK-reglane vidareførast, men kommunar kan raskere kome på denne lista gjeve at akkumulert underskott (meirforbruk) overstig 3 % av driftsinntektene. Dessutan vert det føreslege ei tiltaksplikt for kommunar på ROBEK-lista.

### **Vurdering:**

Det er prinsipielt svært viktig at det kommunale sjølvstyret blir lovfesta i den nye kommunelova. Det er også viktig at reglane om kommunesektoren blir lagt i kommunelova og ikkje i særlover. Videre tydeleggjer lovframlegget prinsipp for forholdet mellom Stat og kommunane.

Dei føreslegne endringane klargjer rolledelinga mellom politikk og administrasjon i kommunane på ein tydlegare måte. Dette sikrar eit godt samspel som igjen er viktig for ei sterk og tydeleg folkevalt styring av kommunen. Det er spesielt viktig med ei opprydding i loverket knytta til kommunen sitt arbeidsgjevaransvar der kommunestyret har det overordna ansvaret, mens øvste administrative leiar får eit lovfesta ansvar for det løpande personalansvaret.

Kommunelovutvalet sitt flertal foreslår å lovfeste at tittelen på leiar av kommunens administrasjon skal være kommunedirektør. Die aller fleste kommunane brukar tittelen rådmann på kommunens administrasjonssjef. Flertalet i lovutvalet meiner imidlertid at tittelen rådmann bør unngås fordi den ikke er kjønnsnøytral og i liten grad sjølvforklarende. Rådmann er på den andre sida ein innarbeidd tittel, som kun blir brukt om øverste administrative leiar i kommunesektoren. Det bør soleis vurderast om det ikke bør opnast for at rådmannstittelen fortsatt kan nyttast – anten som lovbestemt tittel – eller som mindretallet er inne på – ein tittel som den enkelte kommune sjølv kan vurdere å nytte.

Forslaget om absolutt krav til kjønnsbalanse i utval som veljast ved forholdstallsval kan føre til at lokaldemokratiet vert sett til side. Dette forslaget bør vurderas i lys av dette ved fastsettelse av endelege lovbestemmelser.

KS-har i sitt debatthefte gode vurderinger på andre punkt i lovforslaget, og rådmannen rår til at Nissedal kommune slutter seg til disse.

### **Rådmannen si tilråding:**

Lovfesting av det kommunale sjølvstyret er grunnleggande viktig.

Lovforslaget gjer tydeleg prinsippa for forholdet mellom staten og kommunene på ein god måte.

Rolledelingan mellom politikk og administrasjon tydeliggjørast i lovframlegget.

Opprydding i loverket knytta til kommunen sin arbeidsgiveransvar der kommunestyret har det overordnede ansvaret for kommunens arbeidsgiverpolitikk, mens øverste

administrative leder får et lovfestet ansvar for det løpende personalansvaret for de tilsette, er særskilt viktig.

Rådmannstittelen må fortsatt kunne nyttast – anten som lovbestemt tittel eller ein tittel som den enkelte kommune sjølv kan velje å bruke.

Forslaget om absolutt krav til kjønnsbalanse i utval som velges ved forholdstallsval kan føre til at lokaldemokratiet settes til side. Dette forslaget bør vurderast i lys av dette ved fastsetting av endelige lovbestemmelsar.

KS-har i sitt debathefte gode vurderinger på andre punkt i lovforslaget. Nissedal kommune slutter seg til disse.

### **Saksprotokoll i Formannskapet - 06.10.2016**

Ordføreren søkte og fekk innvilga permisjon frå å vere med på resten av møtet. Varaordføreren overtok leiinga av møtet.

Tilleggsframlegg frå SP:

I kapittel 5 svekkes innholdet i definisjonen av "folkevalt" ved at også personer som et folkevalgt organ (les: kommunestyret) har valgt inn i et annet folkevalgt organ er å anses som folkevalgt (jf. § 5-1, fjerde ledd). Nissedal kommune støtter ikke den utvidede definisjonen av folkevalgt, og ønsker en klar regel for at folkevalgt kun er de som velges eller er vara til kommunestyre/fylkesting.

Nissedal kommune foreslår at siste setning i § 14-1 sløyfes, da vi mener det kan oppfattes som oppfordring til spekulasjon med kommunale midler.

Nissedal kommune mener at praksis om at leder for kontrollutvalget er fra opposisjonen bør lovfestes.

Adgang til lukkede møter for kontrollutvalg må videreføres, ref. § 23.2 for å sikre fullt innsyn og mulighet til å drøfte saker av vesentlig betydning for kommunen.

Nissedal kommune er usikker på om det er hensiktsmessig i små kommunen å øke antall medlemmer i kontrollutvalget til fem.

Nissedal kommune ønsker ikke å åpne for parlamentarisk styreform som alternativ til formannskapsmodellen.

Votering: samrøystes for tilleggsframlegget

### **Vedtak**

Lovfesting av det kommunale sjølvstyret er grunnleggande viktig.

Lovforslaget gjer tydeleg prinsippa for forholdet mellom staten og kommunene på ein god måte.

Rolledelingen mellom politikk og administrasjon tydeliggjørast i lovframlegget.

Opprydding i loverket knytta til kommunen sin arbeidsgiveransvar der kommunestyret har det overordnede ansvaret for kommunens arbeidsgiverpolitikk, mens øverste administrative leder får et lovfestet ansvar for det løpende personalansvaret for de tilsette, er særskilt viktig.

Rådmannstittelen må fortsatt kunne nyttast – anten som lovbestemt tittel eller ein tittel som den enkelte kommune sjølv kan velje å bruke.

Forslaget om absolutt krav til kjønnsbalanse i utval som velges ved forholdstallsval kan føre til at lokaldemokratiet settes til side. Dette forslaget bør vurderast i lys av dette ved fastsetting av endelige lovbestemmelsar.

KS-har i sitt debathefte gode vurderinger på andre punkt i lovforslaget. Nissedal kommune slutter seg til disse.

I kapittel 5 svekkes innholdet i definisjonen av "folkevalt" ved at også personer som et folkevalgt organ (les: kommunestyret) har valgt inn i et annet folkevalgt organ er å anses som folkevalgt (jf. § 5-1, fjerde ledd). Nissedal kommune støtter ikke den utvidede definisjonen av folkevalgt, og ønsker en klar regel for at folkevalgt kun er de som velges eller er vara til kommunestyre/fylkesting.

Nissedal kommune foreslår at siste setning i § 14-1 sløyfes, da vi mener det kan oppfattes som oppfordring til spekulasjon med kommunale midler.

Nissedal kommune mener at praksis om at leder for kontrollutvalget er fra opposisjonen bør lovfestes.

Adgang til lukkede møter for kontrollutvalg må videreføres, ref. § 23.2 for å sikre fullt innsyn og mulighet til å drøfte saker av vesentlig betydning for kommunen.

Nissedal kommune er usikker på om det er hensiktsmessig i små kommunen å øke antall medlemmer i kontrollutvalget til fem.

Nissedal kommune ønsker ikke å åpne for parlamentarisk styreform som alternativ til formannskapsmodellen.